



## Møte om den krevjande personellsituasjonen og situasjonen i Ukraina

**Deltakarar:** Kommunane, KS, Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Førde

**Ikkje til stade:** Gloppen kommune, Høyanger kommune, Modalen kommune, Solund kommune, Tysnes kommune og Ullensvang kommune

### Den krevjande personellsituasjonen i helse og omsorgstenestene

Fleire kommunar melder at personellsituasjonen i helse- og omsorgstenestene byrjar å bli kritisk på grunn av høgt sjukefråvær. Vi ønskjer difor å ta opp korleis vi kan samarbeide om å handtere den vanskelege personellsituasjonen med dei samla ressursane vi har i Vestland.

I motsetnad til tidlegare i pandemien, er det no risiko for at mange kommunar hamnar i ein svært krevjande personellsituasjon nokolunde samstundes. Det vil sjølvstøtt variere frå kommune til kommune kor alvorleg konsekvensen av personellmangel kan verte.

Vi har til no klart å løyse mange store utfordringar i fellesskap, der kommunane og helseføretaka har demonstrert ein fantastisk evne og vilje til å hjelp kvarandre. Det er viktig at vi klarar å halde fram med det i det som vonleg er sluttfasen av pandemien.

Vi oppmodar kommunane om å ha ein låg terskel for å kontakte oss hjå Statsforvaltaren for rettleiing og støtte.

### Oppfølging frå Statsforvaltaren

På fredag hadde vi eit møte med helseføretaka, Røde kors, Norske kvinners sanitetsforeining, Sivilforsvaret, Heimevernet og Høgskulen på Vestlandet. Føremålet var å kartlegge kva som måtte vere av tilgjengelege ressursar i fylket og drøfte rekkjefølgje for bruk av ressursane. I tillegg var det viktig å drøfte korleis vi på best mogleg måte kan samarbeide om å nytte dei samla ressursane for å sikre forsvarlege helsetenester til innbyggjarane.

### I møtet vart vi samde om følgjande prioriteringar:

1. *Lokalt tilgjengelege ressursar:* Kommunane nyttar ressursar som er tilgjengeleg lokalt. Det kan t.d. vere pensjonistar, studentar, frivillige, bemanningsbyrå, personell som kan skaffast gjennom dialog med lokalt NAV-kontor eller eventuell støtte frå nabokommunar.
2. *Dialogmøte:* Når ein kommune ikkje ser at det er mogleg å skaffe ressursar lokalt, må ein sjå om det er mogleg å låne ressursar frå nabokommunar og helseføretaka for å dekke det akutte behovet.

Det er allereie etablert ulike samhandlingsfora knytt til dei ulike helseføretaka. Dei bør kunne nyttast som møtearena, men Statsforvaltaren vil òg kunne kalle inn til møte.

Vi tenkjer å gjere det ved å invitere kommunen(ane) med eit behov, nabokommunar og tilhøyrande helseføretak til eit møte, for å drøfte situasjonen og sjå på korleis ein kan få samla tilstrekkeleg ressursar til å oppretthalde forsvarlege tenester.



Sidan personellsituasjonen er utfordrande både i kommunane og helseføretaka, kan vi ikkje vente at det vil vere «frie» ressursar tilgjengeleg. Då må vi i fellesskap gjere prioriteringar for å sikre at innbyggjarane i heile fylket får forsvarlege tenester.

3. *Bistandsoppmoding*: Når desse ressursane er nytta fult ut, vil ein gå i dialog med Sivilforsvaret og så Heimevernet om å be om støtte.

### Tiltak hjå dei regionale aktørane

#### *Formidling av behov til studentar*

Høgskulen i Vestland kan formidle behov frå kommunane og helseføretaka til studentane. Dette gjer dei gjennom ei side på nettstaden sin, og med SMS-varsling til studentane. Der er det òg skissert korleis ein melder inn behov for bistand. Bemanningssida finn ein her: <https://www.hvl.no/samarbeid/vil-du-bidra/>

Vitenskaplige høgskole formidlar utlysingar til studentar via læringsplattforma Canvas. Kommunar som ønskjer å vidareformidle sine utlysingar og behov på denne måten kan sende ein førespurnad til [grete.straten@vid.no](mailto:grete.straten@vid.no).

#### *Heimevernet kan utsetje teneste for kritisk helsepersonell*

Heimevernet kan utsetje teneste for kritisk helsepersonell. Det er difor viktig for HV å ha tett dialog med helseføretaka og kommunane, for å sikre at kritisk personell ikkje vert teke ut frå det vanlege arbeidet i ein situasjon med stort press og mykje fråvær i tenestene.

Kommunane i HV-09 sitt nedslagsområde kan kontakte Rolf Anders Moe ([rmoe@mil.no](mailto:rmoe@mil.no) eller tlf. 415 51 676).

Kommunane i HV-11 sitt nedslagsområde kan kontakt Tore Bolme ([tbolme@mil.no](mailto:tbolme@mil.no) eller tlf. 71 22 41 10).

#### *Hjelp til å finne unytta arbeidskraft*

NAV kan hjelpe kommunane med å finne utnytta arbeidskraft. For å få i gang ein dialog om dette kan kommunane ta kontakt med sine lokale NAV kontor.

NAV har òg fleire støtteordningar som kan nyttast viss ein ønskjer å nytte arbeidskraft som i dag fell utanfor arbeidslivet av ulike årsaker (t.d. hol i CV, manglande kompetanse eller redusert arbeidsevne). Meir informasjon om dette finn ein her: <https://arbeidsgiver.nav.no/veiviserarbeidsgiver/inkludering>

#### *Bistand på tvers av lokallag hjå dei frivillige organisasjonane*

Frivilligheita har vore ein viktig ressurs i pandemien, men har i all hovudsak bidrege i eige nedslagsfelt.

Vi har snakka med distriktskontora til Røde Kors og Sanitetskvinnene nasjonalt. Dei vil gå i dialog med sine lokallag og oppmode om å hjelpe til på tvers av kommunegrensar, for å sikre at kommunar med stort behov kan få tilført fleire ressursar enn dei som er tilgjengeleg lokalt. Vis fleire kommunar/lokallag melder om eit slikt behov vil Statsforvaltaren, i dialog med distriktskontora, bidra i prioriteringa .

#### *Røde kors*

Utgangspunktet for Røde Kors er at når ein kommune har eit behov, tar den kontakt med lokalforeininga(ne) i sitt område. Alle kommunane i Vestland har i beredskapsavtalar med sine lokalforeiningar.



I ein situasjon der det kan vere nødvendig at fleire lokalforeiningar samarbeider på tvers av kommune- og foreiningsgrenser om å dekke behovet i ein kommune, kan distriktskontora bidra som koordinerande ledd. I ein eventuell situasjon der ein kommune ser eit slikt behov, eller lokalforeiningane melder om mangelfull kapasitet, oppmodar vi om å sende ein førespurnad til distriktskontoret.

Førespurnader i gamle Hordaland kan sendast til: [larsatle.skorpen@redcross.no](mailto:larsatle.skorpen@redcross.no) og [hordaland@redcross.no](mailto:hordaland@redcross.no)

Førespurnader i gamle Sogn og Fjordane kan sendast til: [pal.andreas.dahl@redcross.no](mailto:pal.andreas.dahl@redcross.no)

#### *Norske kvinners sanitetsforeining*

Sanitetskvinnene i Vestland har mange *omsorgsberedskapsgrupper* som har inngått samarbeidsavtaler med sin kommune om å hjelpe til ved behov. Det er flest grupper i tidlegare Sogn og Fjordane, og nokre færre i tidlegare Hordaland. Leiinga i Sanitetskvinnene har bedt leiarane i omsorgsberedskapsgruppene om kontakte sin kommune og tilby bistand på kort og lang sikt.

Dei frivillige i omsorgsgruppene kan bidra med forpleiing, koordinering, avlastning, ledsagerteneste og transport. Ikkje alle kan bidra med alt, men det avtales enklast med direkte kontakt i kvar kommune.

Kontaktperson i tidlegare Hordaland er:

Fylkesleiar Olaug Borge ([olaug@nksvestland-sor.no](mailto:olaug@nksvestland-sor.no) eller tlf. 915 48 783)

Kontaktpersonar i tidlegare Sogn og Fjordane er:

Fylkesberedskapskontakt Ragnhild Bjørlo ([ragnhild.bjorlo@gmail.com](mailto:ragnhild.bjorlo@gmail.com) eller tlf. 911 38 944)

Fylkesleiar Anne Marie Strømsøy ([anne.marie.stromsoy@eninvest.net](mailto:anne.marie.stromsoy@eninvest.net) eller tlf. 905 14 064)

#### Tilbakemelding om LIS1 legar

Statsforvaltaren veit at det diverre er fleire kommunar som ikkje har fått LIS1. Helsedirektoratet er òg informert om dette.

I etterkant av LIS1 melder frå om at vedkommande ikkje kjem, er det er viktig at kommunen snarast lyser ut stillinga på restplasstorget.

Vår oppgåve er å syte for at det er nok plassar i kommunane til LIS1. Vi har ikkje noko å gjere med tildelinga av plassar, men syter for at det ikkje vert oppretta fleire plassar enn det er behov for.

Når kommunen har fått tildelt LIS1 tilrår vi at den raskt tek kontakt med vedkommande, skriv kontrakt, hjelper med bustad, etterspør behov for barnehageplass og held kontakten med LIS1.



## Krigen i Ukraina

Russland sitt væpna angrep på Ukraina har skapt den mest alvorlege tryggleikspolitiske krisa i Europa på mange tiår. På pressekonferansen med justisministeren, Sjef PST og politidirektøren i går, sa justisminister Emilie Enger Mehl at trusselbildet i Noreg ikkje er endra på grunn av krigen i Ukraina. Ho understreka likevel at krigen har endra tryggleiksituasjonen i Europa, og at det inneber at vi i Noreg gjer førebyggjande arbeid og følgjer nøye med. PST-sjef Hans Sverre Sjøvold åtvara om at situasjonen kan endre seg raskt. Han sa at det som er viktig no er å finne ut kva som kan skje her i landet som følge av situasjonen rundt oss.

### Vår vurdering av situasjonen

Den militære trusselen mot Noreg er ikkje endra, og det er ikkje grunn til å frykte militær krigføring på norsk jord.

Den auka spenninga vil òg få konsekvensar for Noreg. Som [Sigurd Falkenberg Mikkelsen i NRK skreiv i ein kommentar på søndag](#); «*Forholdet mellom Europa og Vladimir Putins Russland vert aldri det same igjen. Endringane skjer i eit tempo som var umogleg å førestille seg før Russland angreip Ukraina*».

Vi kjem til å merke dei økonomiske konsekvensane av straffetiltaka og den økonomiske utestenginga av Russland.

Noreg har ei spesielle rolle som ein stor og truverdig energileverandør. [Forskar Ståle Ulriksen ved NUPI og Sjøkrigsskulen sa dette i eit intervju med TV2 for nokre dagar sidan](#); «*Gass kanskje er Russland sitt einaste våpen for å råke EU og svare på sanksjonane. Viss russarane vel å stenge gassen, kan det vere freistande for dei å gå etter den norske gassen òg.*»

### *Flyktingar*

Vi kan ikkje utelukke at delar av straumen av flyktingar i Europa vil finne vegen til oss. Når mange flyktar frå eit land med 44 millionar innbyggjarar, må ein nok rekne med at ein god del vil kome hit. Vi trur vi vil få noko tid på oss før flyktingane kjem hit til landet, i og med at dei først kjem til nabolanda rundt Ukraina. Men vi treng tida til å byggje opp eit apparat i kommunane som kan ta imot.

KS har sett i gang ei enkel kartlegging av kommunanes evne til å ta imot flyktingar. Dei er òg i dialog med nasjonale styresmakter for å sikre ei koordinert tilnærming til mottak av flyktingar frå Ukraina

### *Cybertrusselen*

NSM vurderer at risikonivået for norske verksemder er vorte høgare. Per no er dei ikkje kjent med cyberhendingar i Noreg som kan knytast til Ukraina-konflikten. Dei vurderer likevel framleis cyberoperasjonar som råkar ukrainske mål kan få indirekte konsekvensar for norske verksemder. Det kan skje gjennom verdikjedar eller andre knytingar på tvers av system og landegrensar.

NSM tilrår at norske verksemder vert meir årvakne, og varslar ved mistanke om tryggleikstruande verksemd og viss det skjer tryggleikstruande hendingar.

Å følgje NSM sine grunnprinsipp for IKT-tryggleik vil førebygge eller redusere konsekvensane av dei fleste cyberhendingar. Grunnprinsippa kan de lese om her: <https://nsm.no/fagomrader/digital-sikkerhet/rad-og-anbefalinger-innenfor-digital-sikkerhet/grunnprinsipper-ikt>

For meir informasjon får NSM sjå her: <https://nsm.no/fagomrader/digital-sikkerhet/nasjonalt-cybersikkerhetssenter/varsler-fra-ncsc/oppdatert-situasjonsbilde-fra-ncsc>



### *Etterretningstrusselen*

PST seier i si opne trusselvurdering at etterretningstenester frå fleire land opererer på norsk jord, men at russisk og kinesisk verksemd representerer den største trusselen. Etterretningstenestene brukar ei rekke metodar for å nå måla sine og aktiviteten kan få alvorlege konsekvensar for Noreg. Det kan påverke handlefridomen og svekke evna vi har til å handtere kriser. Det kan i tillegg svekke konkurranseevna til næringslivet og bidra til at enkeltpersonar ikkje kjenner seg trygge i landet vårt.

Akkurat no vil nok spesielt øvinga Cold Response vere av interesse for russisk etterretning, men òg alt som kan seie noko om korleis norske styresmakter tenkjer om situasjonen, inkludert t.d. om energisituasjonen.

Bodskapan frå PST og politiet er at me alle må følgja med og melda frå om mistenkjeleg aktivitet, til dømes leigebilar som stoppar og tek bilete av fabrikkar eller kraftinstallasjonar.

PST sin opne trusselvurdering finn de her: <https://www.pst.no/alle-artikler/trusselvurderinger/ntv-2022/statlig-etterretningsvirksomhet/>

### *Atomproblematikken*

[Direktoratet for strålevern og atomtryggleik \(DSA\)](#) delte i går ei oppdatert trusselvurdering med Statsforvaltarane. Meir enn halvparten av energiforsyninga i Ukraina kjem frå kjernekraft, og landet har har fire kjernekraftverk (15 reaktorar), i tillegg til Tsjernobyl.

Per no har det ikkje skjedd utslepp, men potensialet er til stades. Omfanget av eit eventuelt utslepp er heilt ukjent.

Oppdatert informasjon frå DSA kan de lese her: <https://dsa.no/atomberedskap/ukraina--atomsikkerhet-og-beredskap>

### *Jodtablettar*

Vi publiserte i går ei artikkel på nettstaden vår, der vi informerer om praktiske avklaringar kring jodtablettar. Denne finn de her: <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/beredskap/informasjon-om-jodtablettar-og-krigen-i-ukraina/>

Stabilt jod mettar skjoldbruskkjertlane, og hindrar radioaktiv jod å sleppe til og skade kjertlane (t.d. forårsake kreft).

Kommunane vart oppmoda til å bestille jodtablettar i 2017, for å kunne dele ut til innbyggjarane i dei mest sårbare målgruppene (barn og unge under 18 år, gravide og ammande). Viss det er kommunar som treng fleire tablettar for å dekke målgruppa, kan dei bestille frå Helsedirektoratet ([postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no)).

Når de bestiller er det viktig at de legg ved leverings- og fakturaadresse i bestillinga. For meir informasjon om bestilling av jodtablettar sjå her: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/legemidler/legemiddelberedskap/bestille-jodtabletter>

Vi er klar over at tablettane som vart delt ut frå det nasjonale lageret har gått over haldbarheitsdatoen. DSA orienterer om at verkestoffet i tablettane er stabilt salt, og at dei kan nyttast sjølv om haldbarheitstida er ute.

DSA sitt generelle råd (uavhengig av krigen i Ukraina) er at alle under førti år bør ha jodtablettar lagra heime. Tablettar kan kjøpast reseptfritt på apotek, og det er i dag på veg ut store mengder til grossistar og apotek.



Oppdatert informasjon frå DSB om jodtablettar kan de lese her:

<https://dsa.no/atomberedskap/jodtabletter>

### Vidare arbeid

Det er all grunn til å tru at den auka spenninga mellom Vesten og Russland gjer at det framover må verte auka merksemd på Totalforsvaret. Beredskapsarbeid vil i periodar måtte handle like mykje om statstryggleik som samfunnstryggleik.

Ein viktig del Totalforsvaret er den evna Noreg som nasjon har til å motstå påkjenningar og kome seg etter eit større sjokk som ei naturkatastrofe, svikt i kritisk infrastruktur, eller eit hybrid eller væpna angrep. Motstandsevna bør kombinere både sivil beredskap og militær kapasitet.

Nato har definert sju grunnleggande («seven baseline requirements») forventningar til motstandsevna som eit medlemsland skal ha. Kommunane har veldig store aksjar i fleire av dei:

- 1) Sikre kontinuitet for styresmaktene og kritiske offentlege tenester
- 2) Sikre ei robust energiforsyning
- 3) Sikre evna til å handtere ukontrollert forflytting av menneske
- 4) Sikre robust mat- og vassforsyning
- 5) Sikre evna til å handtere masseskadesituasjonar
- 6) Sikre robuste sivile kommunikasjonssystem
- 7) Sikre robuste transportsystem

### *Møtearenaer framover*

Vi følgjer situasjonen og held tett dialog med våre samarbeidsaktørar.

Vi hadde møte i fylkesberedskapsrådet 8. mars, der situasjonen i Ukraina var tema. De kan finne ein artikkel om møtet og referatet frå det her:

<https://www.statsvalteren.no/nn/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkesberedskapsradet-diskuterte-den-tryggleikspolitiske-situasjonen-i-europa/>

Vi vil innan kort tid kalle inn til nytt møte med kommunane om Ukraina-krigen. I møtet vil vi mellom anna invitere med PST og politiet, slik at dei kan seie litt om kva mogleg mistenkeleg aktivitet dei ønskjer å verte varsla om og korleis.

### *Tryggleiksklareringar i kommunane*

Den nye tryggleikspolitiske situasjonen gjer det nødvendig å tenkje annleis om behovet for å tryggleiksklarere personell i kommunane. Det er i første omgang behov for å klarere kommunedirektørane.

Vi vil kome tilbake med informasjon om korleis vi vil gå fram knytt til dette.

### Innspel frå kommunane

- Det er stor pågang av frivillige organisasjonar og initiativ til å støtte sivilbefolkninga i Ukraina. Det er viktig å vere klar over at det er omfattande korrupsjon i Ukraina, og difor viktig å sikre at ein støtter organisasjonar/initiativ som er veletablerte og der hjelpen kjem fram til dei den er meint for.



Kommunane etterspør hjelp til å koordinere arbeidet mellom kommunane med å gi finne gode organisasjonar å støtte opp under. Statsforvaltaren er usikker på om vi er rett aktør til å ta på oss ein slik rolle, men vil diskutere det internt.

- Kommunane kjenner allereie på presset frå sine innbyggjarar som er urolege grunna situasjonen i Ukraina. Med dei omfattande oppgåvene kommunane har, har dei stort behov for informasjon. Det er difor viktig at informasjon vert delt og at sektorane er samkøyrd. Kommunane ønskjer at Statsforvaltaren tek ei aktiv rolle i å sikre samordna informasjon ut til kommunane.
- Kommunikasjonsnettverka våre er sårbare og det er nødvendig å ha alternative plattformer for beredskapskommunikasjon. Statsforvaltaren vil sende ut oppdaterte varslingslister med satellittelefonnummer til kommunane og andre beredskapsaktørar i fylket.
- Det er viktig å ivareta russiske og ukrainske personar som er busette i Noreg. Øygarden kommune seier at dei har laga eit eige tilbod for denne målgruppa:  
<https://www.oygarden.kommune.no/aktuelt/krig-i-ukraina-tilbod-om-helsehjelp.53600.aspx>